

Faktor 6: Rolleklårheit

Høg rolleklårheit inneber at forventningane til den jobben medarbeidaren skal gjera er tydeleg definert og kommunisert. Det er altså ikkje tvil om kva den tilsette skal gjera og prioritere når det oppstår tidspress.

Forskning viser at høg rolleklårheit er avgjerande for meistringstru, oppgåvemotivasjon, innsats, bruk av kompetanse og yting. Tydelege rollar reduserer stress, frustrasjon og konfliktnivå blant medarbeidarane.

Mange medarbeidarar reagerer på en uklår rolle med å bli demotiverte og mindre effektive. Andre reagerer med å definera sin eigen rolle, og det er ikkje alltid til det beste for verken kollegaer, brukarar eller organisasjonen som heilskap.

Forventningane til rollen medarbeidaren skal fylla bør kommuniserast tydeleg både i forbindelse med rekruttering og i jamleg oppfølging av medarbeidaren.



Døme på påstand i undersøkinga (måleindikator): «Eg veit når eg har prioritert tida mi på jobb riktig»

Påstandar til refleksjon for leiar og medarbeidar:

God leiing – kva vil du forsterke?		Godt medarbeidarskap – kva vil du forsterke?	
1.	Eg tek størst mogleg omsyn til medarbeidaren sin kompetanse og motivasjon når rollen utformast. Rollen utviklast gjerne i samspel med medarbeidaren.	1.	Eg bidreg med synspunkt om utforming av eigen rolle i organisasjonen på bakgrunn av eigen kompetanse og motivasjon.
2.	Eg kommuniserer mine forventningar, mål og rammar for stillingane til mine medarbeidarar. Dette inkluderer oppgåver, myndigheit og ansvar som lagt til stillinga.	2.	Eg set meg godt inn i nasjonale mål, lov og forskriftskrav som gjeld mine ansvarsområde, og lokale politisk og administrativt fastsette mål for tenesta.
3.	Eg formidlar kva som kjenneteiknar god nok kvantitet og kvalitet på leveransar, og kva som ikkje vil være godt nok.	3.	Eg set meg godt inn i forventningane som er knytt til min stilling, mål og rammer. Eg spør min leiar om det er noko eg er usikker på.
4.	Eg formidlar så langt som mogleg kva som skal prioriterast høgast og nest høgast osv. slik at medarbeidaren kan være mest mogleg trygg i sin jobbutføring.	4.	